



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 16/3685-1

## **Skriv og melding 26. april 2016 - fylkesrådet for eldre**

- 1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande**
- 2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart ein skriv og melding vert lagt under kvar meldesak**

Vedlegg:

Svar frå NAV  
 Kronikk frå Eid eldreråd  
 Forebyggande eldrepolitikk  
 Regional planstrategi  
 Årsrapport 2015 – frå Stryn  
 Fråsegn om kutt i bussrutetilbod i Gauldal kommune  
 Møtebok frå Sogndal eldreråd  
 Regional planstrategi

### **Meldesak 1) Svar frå NAV om hjelp til å fylle ut reiserekningsskjema**

NAV har sendt fylgjande tilbakemelding:

«Vi er litt overraska over uttalen fordi ansvaret for pasientreiser vart overført frå NAV til HELFO i 2009, seinare vart også frikortordninga overført i 2010. Det betyr at NAV-kontora i dag verken har eller skal ha kompetanse på dette området, og såleis heller ikkje skal kunne tilby hjelp til eldre meir enn andre instansar. Vi har forståing for at enkeltpersonar har vanskar med å handtere nye løysingar, men erfaringa er at dette går smertefritt etter ein overgangsperiode for dei aller, aller fleste. Det er ingen lokale instansar som er peika på som rådgivarar/rettleiarar for dei som måtte trenge hjelp, men vi har registrert at i nokre kommunar var det naturleg, i overgangsperioden vertfall, å søkje bistand i servicekontoret og enkelte plassar på legekontoret. Det er altså ikkje eit behov som det er naturleg å få dekkja på NAV-kontoret i dag. Når desse oppgåvene blei tekne bort frå NAV var det for å frigjere ressursar til oppfølging av dei som skal i eller tilbake til jobb og som treng NAV si hjelp til det. Forvaltningsoppgåver som vi snakkar om her skal ivaretakast av miljø som er knytt opp mot helseføretaka og helsetenesta. Slik sett har det vore ein suksess for befolkninga samla sett og for ansvarsdelinga i offentleg sektor. Vi håpar at eldre både i Luster og andre plassar i samråd med sine nærmeste finn greitt ut av korleis dette skal gjerast. Det dreiar seg tross alt om å fylle ut eit skjema og sende i posten. Er det spørsmål sit det folk klare på Pasientreiser sin infotelefon 05515 som kan svare på det folk måtte lure på».

### **Meldesak 2) Kronikk frå Eid eldreråd**

Kronikken tek for seg at livskvalitet for eldre er ei samansett oppgåve

### **Meldesak 3) Forebyggande eldrepolitikk**

Pensjonistforbundet har gjennomført forsking og erfaringsinnhenting i prosjektet «Morgendagens aktivitetssenter». Om det er ynskje om å få framlagt forskinga og resultatet frå erfaringsinnhentinga kan fylkesrådet ta kontakt med prosjektleiar Tone Bye.

#### **Meldesak 4) Fråsegn frå helse- og sosialutvalet i Gauldals kommune**

«Det er gjort ei grundig utgreiing om korleis tannhelsetenesta arbeider, og om utfordringar for tenesta vidare. Vi har forståing for at det kan vere vanskeleg å spare samstundes med at ein skal tilgodesjå andre forhold, m.a. fagleg nivå, samarbeid med andre helsetenester og tilgjengeleghet. I eit folkehelseperspektiv har tannhelsetenesta gjort eit stort og verdfullt arbeid, det er viktig at dette vert teke vare på og vidareutvikla. Utgreiinga legg også vekt på dette, og at sunn tannhelse er grunnleggande for god allmennhelse. Vidare står det i utgreiinga s. 10 at: I stortingsmelding nr. 35: Tilgjengeleghet, kompetanse og sosial utjamning – Framtidas tannhelsetjenester blir det lagt vekt på kor viktig det er med samarbeid mellom sektorane for å oppnå resultat i Folkehelsearbeidet.

Vi meiner at det no er feil tidspunkt å gjennomføre ei så stor reform av tannhelsetenesta som utgreiinga legg opp til, med samanslåing av klinikkar. Vi er midt inne i ei kommunereform som vi enno ikkje veit resultatet av. Ein må og stille spørsmål om den samfunnsøkonomiske gevinsten ved tiltaket. Difor vil vi oppmode om at det vert utgreia andre løysingar, det kan vere meir ambulerande tenester, og/eller samarbeid med andre aktørar, meir systematisk samarbeid mellom klinikkar for fagleg utvikling, og tilbod til pasientar ved vakansar og feriar.

Dersom det ikkje vert ei utsetting av saka, meiner helse- og sosialutvalet i Gauldals kommune at den samfunnsøkonomiske sida bør vurderast. Tannhelsetenesta bør utviklast vidare og samordnast med dei andre primærhelsetenestene, og vere nærmare der folk bur og arbeider».

#### **Meldesak 5) Landskonferansen for eldreråd på Lillehammer 30. mai – 1. juni 2016**

Harald, Kristoffer, Aud og Anna Sofia er påmeldt landskonferansen

#### **Meldesak 6) Regional planstrategi**

Planstrategien legg langsiktige utviklingsmål i fylket og føringar for regional planlegging.

Nokre viktige drøftingar som FU ynskjer i høyringa:

- Er det behov for at fylket tilpassar seg dei globale og nasjonale trendane med sentralisering, gjennom å jobbe målretta for å få til sjølvdrivande regionforstørring i Sunnfjord og rundt Sogndal?
- Kva for strategiar treng vi for å løyse ut potensialet for vekst og utvikling i alle deler av fylket?
- Korleis kan vi jobbe målretta med attraktivitet og mangfold i arbeidsplassar for alle, også slik at vi får fleire høgt utdanna kvinner i fylket?
- Korleis kan vi styrke samarbeid mellom offentleg, privat og frivillig sektor for få fram tiltak som inkluderer innvandrarar enno betre?
- Korleis kan vi saman vidareutvikle forsking og utvikling (FOU) og næringslivet for å styrke verdiskapinga?
- Korleis kan vi tilpasse oss det grøne skifte og kva vil klimaomstilling innebere for oss?

Uttalefrist 28. april

#### **Meldesak 7) Årsrapport 2015 – Råd for eldre og personar med nedsett funksjonsevne i Stryn**

Årsrapporten frå det kommunale rådet i Stryn er sendt til orientering til fylkesrådet.

#### **Meldesak 8) Høyringskonferanse om nasjonal og regional transport**

Høyringskonferansen om nasjonal transportplan og regional transportplan er på Thon Hotel Skei i Jølster. Harald møter på konferansen for fylkesrådet. Meir informasjon om høyringskonferansen finn du her: <http://www.sfi.no/vegdirektoer-til-konferanse.5864556-336473.html>

#### **Meldesak 9) Fråsegn frå Gauldals kommune**

Fråsegn frå helse og sosialutvalet i Gauldals kommune, og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om kutt i bussrutetilbod i Gauldals kommune.

**Meldesak 10) Møtebok frå Sogndal eldreråd**

Møtebok frå 5. april frå Sogndal eldreråd er sendt til orientering til fylkesrådet.

**Meldesak 11) Ymse**